Volda Nærlokalisering akuttmttak	Synergi med sjukehusmottaket - LV-sentral - nattlegevakt, støttepersonell - røntgen og avlastning av kirurgisk poliklinikk - viss ambulansane blir ved sjukehuset: Enkelt for legen å vere med på utrykking Stor moglegheit for at eksisterande personellgruppe ved LV-sentral med høg kompetanse og erfaring i LV-formidling blir med vidare Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Vanskelegare å etablere felles organisasjonstilknytning for legar og sjukepleiarar Lågare terskel for sjukehusinnleggingar (?) på natt Krev nybygg, dette vil neppe vere klart til 1.mai 2018, og vi må ha ei overgangsordning. Omveg for pasientar frå Ørsta og Ytre som bør til Ålesund (born, ønh, øye, psykiatri). Kan kompensera av køyrelegeordning.
Furene Nærlokalisert med ambulansestasjon	Synergi med ambulansestasjon - samtrening (dagtid) - støttepersonell legevaktsbil - enkelt for legen å vere med på utrykking Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Noko auka drop-in på sjukehuset på kveld og natt, vanskelegare å rute vidare til legevakt. Liten omveg for de sjukaste pasientane frå Volda og Hornindal som blir henta i ambulanse og kor nytteverdien av vurdering hos allmennlege før sjukehusinnlegging er usikker Ikkje mogleg med avlastande samarbeid med kir.pol/røntgen Krev nybygg, dette vil neppe vere klart til 1.mai 2018, og vi må ha ei overgangsordning. Meir usikkert om LV får rekruttert personell frå eksisterande fagmiljø ved

		LV-sentralen. Omveg for pasientar frå Ørsta og Ytre som bør til Ålesund (born, ønh, øye, psykiatri). Kan kompensast av køyrelegeordning.
Ytre (Ulsteinvik eller Myrvåg) Nærlokalisering med ambulansestasjon eller sjukeheim	Nærleik til flest av innbyggjarane Nærleik til Ålesund sjukehus? Krev (kanskje) ikkje nybygg? Moglegheit for synergi med tildømes sjukeheim i Myrvåg (observasjonssenger) eller ambulansestasjon i Saunesmarka	Stor auke av drop-in på sjukehuset, mykje vanskelegare å rute vidare til legevakt på grunn av lang omveg. Stor omveg for dei sjukaste pasientane frå hele indre Søre som skal vidare til sjukehus etter legevakt. Eit langt større volum når det ikkje er satellitt delar av døgnet. Kan delvis kompensast av køyrelegen der det etter telefonkonsultasjon er gode indikasjonar på at det sannsynlegvis blir innlegging i sjukehus. Ikkje moglegheit for fleire kommunar å knyte seg på ordninga på grunn av lang reiseveg

Modell C

I modell C skal det vere ein legevaktstasjon på indre og ein på ytre. Denne modellen krev ikkje noko nybygg før oppstart og kan startast opp frå eit eksisterande legekantor/legevaktlokale. Modellen har hatt så lite oppslutning i prosessen då den har mange utfordringar og prosjektgruppa har derfor bestemt seg for ikkje å gå vidare i utredninga av lokalisering av denne modellen.

Om det likevel blir politisk oppslutning om denne modellen må lokaliseringsspørsmålet blir avgjort mellom dei kommunane som skal samarbeide: Hareid, Herøy, Sande og Ulstein i ytre og Ørsta og Volda i indre. Det vil vere få faglege argument som skil lokaliseringsspørsmålet i så kompakte distrikt.

Vurderingar og konklusjon

Modellval

Vurderingar

Ei framtidig legevaktorganisering bør støtte dei forskriftskrava som gjeld i dag, vere mogleg å utvikle vidare og vere ein best mogleg teneste for innbyggjarane i regionen.

Vi fyller i dag ikkje kompetansekravet, krav om forsvarleg transportordning, kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar eller krav om leiging og kvalitetsarbeid.

Akuttmedisinforskrifta stiller frå 01.05.18 absolutte krav om vaktkompetanse for legevaktlege. Det vil i dei fleste kommunar til ei kvar tid vere legar som ikkje tilfredsstiller desse krava og som må ha ei kompetent bakvakt som er uttrykingsklar. Dette kravet gjer det også mindre aktuelt å få inn vikarar i legevakta. For nokre av legevaktdistrikta er dette ei utfordring som kan handterast slik situasjonen er per i dag, for andre ikkje. Dette vil uansett for alle kommunane vere svært sårbart for legevaktfunksjonen fordi dette raskt kan endre seg.

Kravet om opplæring og kravet om kvalitetsarbeid let seg ikkje løyse utan meir administrative ressursar i legevakta. Om kvart av dagens legevaktdistrikt skal gjere det for seg, vil dette åleine bli kostnadskrevjande. Men den største utfordringa vil kanskje vere å få tak i nok helsepersonell til å gjere jobben. Til dømes har legevaktdistrikta i dag samla sett ein ressurs på 65 % legevaksansvarleg/legevaktssjef. Om vi skulle halde fram med dagens organisering ville behovet framover vere på 250% stilling. Slår vi oss saman får vi mange stordriftsfordelar og kan klare oss med ein 100% stillingsressurs til dette arbeidet.

Kravet om ei forsvarleg transportordning og moglegheita for å kunne rykke ut gjer at alle legevaktdistrikt må ha ein legevaktsbil og hjelpepersonell. Det er ein derfor ei minimumsbemannning ein må ha for å støtte dei nye krava, både administrativt og pasientnært, uavhengig av størrelsen på legevaktdistriktet. Det blei derfor tidleg klart at null-alternativet, å halde fram som i dag, ikkje er aktuelt. Det vil bli svært dyrt og vi vil ikkje klare å skaffe nok helsepersonell.

Av dei tre modellane som er utgreidd vil modell C vere den som klarast har utfordringar i forhold til å kunne løyse forskriftskravet. Dette er fordi modell C ikkje har meir enn ein lege i vaktområdet. Det vil kunne føre til at ved høg arbeidsbelastning vil den legen ha problem med å kunne rykke ut ved alvorlege hendingar. Ved alvorlege hendingar som tek tid, til dømes ulykker, har heller ikkje denne modellen moglegheit for jobbgjelding på den måten modell A og B har. I ein modell med fleire legar i same distrikt kan den andre/dei to andre legane tre inn og ta over jobben til den legen som blir opptatt med ei alvorleg hending som er både tidkrevjande og mentalt krevjande.

Tilbakemeldingar frå andre

Både legane i kommunane, ressursgruppa for brukarar, helse og omsorgstenestene i kommunane og helseføretaket har meint at modell A er den legevaksorganiseringa som gir best tilbod til innbyggjarane. På ein klar andreplass kjem modell B. Tilbakemeldinga frå dei tillitsvalte legane var at dei meinte at modell B gir best arbeidstilhøve for legane.

Legane i kommunane

Dei blei gjennomført ei spørjeundersøking blant legane i kommunane. Undersøkinga blei sendt ut til 68 legar. 55 svarte på undersøkinga. Fleirtalet meinte at modell B gav best arbeidstilhøve for legane, men at modell A gir det beste tilbodet til innbyggjarane. Resultatet av undersøkinga er vedlagt (vedlegg 3)

Ressursgruppa med tillitsvalte legar

Fokuset til dei tillitsvalte legane var å sjå kva ordning som gav best arbeidsforhold for legane. Dei har i eit brev konkludert med at dei ynskjer modell B (vedlegg 4). Modell B gir færre legevakter for kvar enkelte lege og gir ei forsvarleg legevaktordning.

Ressursgruppa med brukarar

Ressursgruppa med brukarar er politisk valte representantar. I siste møte 13.06.17 møtte Else Gjerde, Trond Berg, Stein Conradsen, Toril Langlo og Leiv Magnar Aarflot. Gruppa var einstemminga på at modell A var det beste alternativet og at modell C måtte forkastast.

Kommunale helse og omsorgstenester

For å få innspel i arbeidet blei det også arrangert eit halvdagsseminar med deltakarar for ulike tenester: psykiatri, heimesjukepleie, sjukeheimar, tenester i bustad. Seminaret hadde 24 deltakarar fordelt på alle seks kommunane. Deltakarane blei oppfordra til å dele både gode og dårlege erfaringar med legevakt. Dei kom også med innspel til kva som er viktig med ei framtidig legevakt. Dei ønskte seg ei legevakt med lokale, velkjente legar, og ei legevakt som har rutinar og prosedyrar som nye legar blir opplærde i. Eit stort fleirtal ønskte modell A, med modell B som alternativ. Berre éin av dei frammøtte ønska modell C.

Helse Møre og Romsdal

Helse Møre og Romsdal har gitt ei tilbakemelding på val av modell i eit brev datert 08.06.17 (vedlegg 5). Også helseføretaket konkluderer med at modell A gir det beste tilbodet til innbyggjarane. Dei legg vekt på at det at legen kan vere mobil er heilt sentralt, og dei ser føre seg eit samarbeid om ein legevaktsbil. HMR meiner at val av modell må inkludere nattlegevakta. Dei tilrår at legevakta skal ha funksjonstid 24/7 365 dagar i året.

Konklusjon

Dei faglege argumenta og innspela frå andre peikar alle mot at modell A er det klart beste alternativet for organisering av legevakta i dei seks kommunane framover. Modell B vil også vere fagleg forsvarleg og er eit andreval for prosjektgruppa. Modell C blir frårådd.

Lokalisering

Hovudbasen bør ligge i nærleiken til Volda sjukehus fordi pasientstraumen her er størst. Prosjektgruppa meiner at den beste lokaliseringa er like ved Volda sjukehus og samlokalisert med ambulansestasjonen. Ein oppnår då flest synergjar. Helse Møre og Romsdal har gitt tydelege signal om at bygging av ny ambulansestasjon ved Volda sjukehus ikkje er aktuelt av økonomiske årsaker. I prosjektgruppa meiner vi då at andre alternativet må vere på strekninga Volda sjukehus-Furene, samlokalisert med ambulansestasjon.

Satellittstasjonen bør ligge sentralt geografisk plassert på Ytre for å sikre at flest mogleg innbyggjarar kan nå ein legevaktbase innan 40 min. Gode alternativ er Myrvåg eller Ulsteinvik om ei vil bruke eksisterande

lokale. Det er ingen faglege argument som skil desse to stadane, så det blir opp til det politiske miljøet å bli enige om kvar lokaliseringa skal vere.

Om ein vil bygge nytt eller leige nye lokale kan fleire stader vere aktuelle, men dei geografiske yttterpunkta Fosnavåg sentrum og Hareid er mindre aktuelle om ein vil halde seg innanfor 40 minuttsskravet.

Oppstart

Ei ny organisering av legevakta på Søre Sunnmøre krev eit nytt lokale i indre. I prosjektgruppa ynskjer vi framleis at dette lokale skal vere samlokalisert med Volda sjukehus, men signala frå HMR tyder på at det kan bli vanskeleg. Uansett kvar det blir vil ikkje eit nytt lokale kunne stå klart 1.mai 2018.

Vi i prosjektgruppa foreslår derfor at vi startar opp med ei overgangsordning 1.mai 2018 der vi brukar eksisterande lokale (eit legekontor på indre, eit legekontor på ytre og nattlegevakta og legevaktssentralen ved sjukehuset som i dag)

Dette har vore eit utgreiingsprosjekt og det er framleis mykje arbeid som må gjerast før oppstart er mogleg. Prosjektgruppa foreslår derfor at det snarast mogleg etter vedtak blir tilsett ein legevaktssjef og dagleg leiar i legevakta for vidare planlegging og oppstart. Det må blant anna bli gjennomført ROS-analyse av valt modell, etablerast rutinar og prosedyrar og tilsettast hjelpepersonell før ein kan starte opp med overgangsordninga. Det må også jobbast vidare med nye lokale.

I tillegg til val av modell og lokalisering må ein i det administrative og politiske behandlinga av saka ta stilling til om ein ynskjer vertskommuneorganisering eller IKS. Vi i prosjektgruppa har ikkje tatt stilling til om det eine er betre eigna enn det andre.

Vedlegg

1. Arealbehov
2. Kostnadsberekning
3. Spørjeundersøking legar
4. Brev frå tillitsvalte legar
5. Brev frå Helse Møre og Romsdal

Svært omtrentlige tall

Rom/funksjon	Kvadrater
Legekontor 1	22
Legekontor 2	22
Skiftestue	22
Observasjonsrom og mottak ambulansepass.	20
Ekspedisjon og kontor	20
Venterom	30
Toalett brukarar (handikap)	8
Hvilerom 1	8 Trenger ikke være på samme sted s
Hvilerom 2	8 Trenger ikke være på samme sted s
Korridor / gangareal	40
Totalt arealbehov	200

Aktuelt areal for sambruk/felles m/sykehuset	
Garderobe/dusj personal	20 Mulig sambruk med sjukehuset/amb
Toalett personal	5
Minilaboratorium m/handikaptoalett tilknytning	16
Teknisk rom/reinhald	9
	50

Beregningen forutsetter at legevaktspersonalet kan bruke pause- og møterom tilknyttet sjukehusets mot

Beregning v/prosjektgruppa

Sist oppdatert 6.desember 2016

som øvrige legevakt
som øvrige legevakt

mulansestasjon

ttak

	Modell A	Modell B	Modell C
Vaktleger lønn	18 301 280 kr	12 530 133 kr	12 530 133 kr
Daglig leiar - sjukepleiarA og B: 100	882 000 kr	882 000 kr x	
Tilleggsstasjon - sjukepleiarA: 1 x 2	220 500 kr	x	1 323 000 kr
LegevaktsjefA: 80 %B: 50 %C: 2 x :	1 176 000 kr	735 000 kr	1 470 000 kr
Drift, sykepleiere (inkl. sjåfør)A: 6 å	4 851 000 kr	3 234 000 kr	3 234 000 kr
Dagtid helg + helligdager- A + C: 2	1 595 000 kr	797 500 kr	1 595 000 kr
Natt, ekstra sykepleier (2 årsverk)	1 595 000 kr	1 595 000 kr	1 595 000 kr
Innspart nattlegevaktsjef	-210 000 kr	-210 000 kr	0 kr
Innspart kontorleige - nattlegevakt	-70 000 kr	-70 000 kr	0 kr
Kontor - leie	800 000 kr	600 000 kr	500 000 kr
Vask og renhold	400 000 kr	300 000 kr	200 000 kr
Journalssystem og EDB	400 000 kr	300 000 kr	500 000 kr
Medisinske forbruksvarer	500 000 kr	400 000 kr	500 000 kr
Medisinsk utstyr	75 000 kr	50 000 kr	75 000 kr
Møter, kurs og konferanser	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr
Bakvaktkostnad - dag og kveld			536 550 kr
Leasing, bil	120 000 kr	120 000 kr	240 000 kr
Sum, utgifter:	30 735 780 kr	21 363 633 kr	24 398 683 kr
Inntekter, 500 kr per konsult			
A og C: 40/dagB: 30/dag	7 300 000 kr	5 475 000 kr	7 300 000 kr
Sum, nye årlige kostnader	23 435 780 kr	15 888 633 kr	17 098 683 kr
1514 Sande (M. og R.)	1 323 261 kr	897 124 kr	965 447 kr
1515 Herøy (M. og R.)	4 666 317 kr	3 163 599 kr	3 404 533 kr
1516 Ulstein	4 405 833 kr	2 986 999 kr	3 214 484 kr
1517 Hareid	2 701 223 kr	1 831 334 kr	1 970 805 kr
1519 Volda	4 741 858 kr	3 214 812 kr	3 459 647 kr
1520 Ørsta	5 597 288 kr	3 794 764 kr	4 083 767 kr
	23 435 780 kr	15 888 633 kr	17 098 683 kr

Innbyggjarar per 01.01.17

2540	5,65%
8957	19,91%
8457	18,80%
5185	11,53%
9102	20,23%
10744	23,88%
44985	

	Modell A	Modell B	Modell C
Vaktleger lønn	12 261 857 kr	8 395 189 kr	8 395 189 kr
Daglig leiar - sjukepleiarA og B: 100	882 000 kr	882 000 kr x	
Tilleggsstasjon - sjukepleiarA: 1 x 2	220 500 kr	x	1 323 000 kr
LegevaktsjefA: 80 %B: 50 %C: 2 x :	1 176 000 kr	735 000 kr	1 470 000 kr
Drift, sykepleiere (inkl. sjåfør)A: 6 å	3 250 170 kr	2 166 780 kr	2 166 780 kr
Dagtid helg + helligdager- A + C: 2	1 068 650 kr	534 325 kr	1 068 650 kr
Natt, ekstra sykepleier (2 årsverk)	1 068 650 kr	1 068 650 kr	1 068 650 kr
Innspart nattlegevaktsjef			0 kr
Innspart kontorleige - nattlegevakt			0 kr
Kontor - leie	375 000 kr	375 000 kr	375 000 kr
Vask og renhold	150 000 kr	150 000 kr	150 000 kr
Journalsystem og EDB	400 000 kr	300 000 kr	500 000 kr
Medisinske forbruksvarer	335 000 kr	268 000 kr	335 000 kr
Medisinsk utstyr	75 000 kr	50 000 kr	75 000 kr
Møter, kurs og konferanser	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr
Bakvaktkostnad - dag og kveld			359 489 kr
Leasing, bil	90 000 kr	90 000 kr	180 000 kr
Investeringer, år 1			
Sum, utgifter:	21 452 827 kr	15 114 944 kr	17 566 758 kr
Inntekter, 500 kr per konsult			
A og C: 40/dagB: 30/dag	4 891 000 kr	3 668 250 kr	4 891 000 kr
Sum, nye årlige kostnader	16 561 827 kr	11 446 694 kr	12 675 758 kr
1514 Sande (M. og R.)	935 135 kr	646 318 kr	715 715 kr
1515 Herøy (M. og R.)	3 297 639 kr	2 279 161 kr	2 523 880 kr
1516 Ulstein	3 113 557 kr	2 151 933 kr	2 382 992 kr
1517 Hareid	1 908 927 kr	1 319 353 kr	1 461 016 kr
1519 Volda	3 351 023 kr	2 316 057 kr	2 564 738 kr
1520 Ørsta	3 955 547 kr	2 733 873 kr	3 027 417 kr
	16 561 827 kr	11 446 694 kr	12 675 758 kr

Innbyggjarar per 01.01.17


2540	5,65%
8957	19,91%
8457	18,80%
5185	11,53%
9102	20,23%
10744	23,88%
44985	

	Modell A	Modell B	Modell C
Vaktleger lønn	18 301 280 kr	12 530 133 kr	12 530 133 kr
Daglig leiar - sjuke	882 000 kr	882 000 kr x	
Tilleggsstasjon - s	220 500 kr	x	1 323 000 kr
LegevaktsjefA: 80	1 176 000 kr	735 000 kr	1 470 000 kr
Drift, sykepleiere (	4 851 000 kr	3 234 000 kr	3 234 000 kr
Dagtid helg + helli	1 595 000 kr	797 500 kr	1 595 000 kr
Natt, ekstra sykep	1 595 000 kr	1 595 000 kr	1 595 000 kr
Innspart nattlegev	-210 000 kr	-210 000 kr	0 kr
Innspart kontorleig	-70 000 kr	-70 000 kr	0 kr
Kontor - leie	800 000 kr	600 000 kr	500 000 kr
Vask og renhold	400 000 kr	300 000 kr	200 000 kr
Journalsystem og	400 000 kr	300 000 kr	500 000 kr
Medisinske forbru	500 000 kr	400 000 kr	500 000 kr
Medisinsk utstyr	75 000 kr	50 000 kr	75 000 kr
Møter, kurs og ko	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr
Bakvaktkostnad - dag og kveld			536 550 kr
Leasing, bil	120 000 kr	120 000 kr	240 000 kr
Sum, utgifter:	30 735 780 kr	21 363 633 kr	24 398 683 kr
Inntekter, 500 kr per konsult			
A og C: 40/dagB:	7 300 000 kr	5 475 000 kr	7 300 000 kr
Sum, nye årlige I	23 435 780 kr	15 888 633 kr	17 098 683 kr

Innbyggjarar per 01.01.17					
1514 Sande (M. o	1 182 614 kr	801 771 kr	862 832 kr	2540	5,05%
1515 Herøy (M. o	4 170 344 kr	2 827 346 kr	3 042 672 kr	8957	17,79%
1516 Ulstein	3 937 546 kr	2 669 518 kr	2 872 823 kr	8457	16,80%
1517 Hareid	2 414 116 kr	1 636 685 kr	1 761 332 kr	5185	10,30%
1519 Volda	4 237 856 kr	2 873 117 kr	3 091 928 kr	9102	18,08%
Hornindal	558 715 kr	378 789 kr	407 637 kr	1200	2,38%
1520 Ørsta	5 002 364 kr	3 391 427 kr	3 649 712 kr	10744	21,34%
Stranda	1 932 224 kr	1 309 980 kr	1 409 745 kr	4150	8,24%
	23 435 780 kr	15 888 633 kr	17 098 683 kr	50335	

Q1 Kva modell trur du gjev best arbeidstilhøve for legane i vakt?


Answered: 55 Skipped: 0



Answer Choices	Responses	
Modell A	32.73%	18
Modell B	52.73%	29
Modell C	14.55%	8
Total		55

Q2 Kva modell meiner du gjev den beste legevakt-tenesta til innbyggjarane generelt?


Answered: 55 Skipped: 0



Answer Choices	Responses	
Modell A	52.73%	29
Modell B	29.09%	16
Modell C	18.18%	10
Total		55

Q3 Kva modell meiner du gjev det beste legevakt-tenesta til bebuarar på institusjon og pasientar med liten mobilitet?


Answered: 55 Skipped: 0



Answer Choices	Responses	
Modell A	50.91%	28
Modell B	36.36%	20
Modell C	12.73%	7
Total		55

Q4 Deltek du i vakt? Kryss "ja", også om du p.t. er i permisjon. Kryss "ja" om du deltek i kveldsvakt, men ikkje i nattevakt. Kryss "nei", også om du har vaktfritak som berre er mellombels.

Answered: 55 Skipped: 0



Answer Choices	Responses	
Ja, eg deltek i vakt	81.82%	45
Nei, eg deltek ikkje i vakt	18.18%	10
Total		55

Ulstein kommune
Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol



Dykkar ref:

Vår ref: HR/-

Dato: 08.06.17

Legevaktsutredningsprosjektet på Søre Sunnmøre - modeller for organisering

Vi viser til deres brev datert 18.05.17 vedr. samme sak, der kommuneoverlegen ber om Helse Møre og Romsdal sine vurderinger av de ulike modellene for organisering av felles legevakt for Søre Sunnmøre.

Helse Møre og Romsdal har hatt en intern høring vedr. de ulike modellene, og med bakgrunn i vurderingene fra klinikk for akuttbehandling, som mellom anna omfatter prehospitale tjenester, gir helseforetaket slik tilbakemelding:

Alle modeller vil kreve ny ambulansestasjon for Volda/Ørsta. Konklusjonen i helseforetaket er at stasjonen må leies (ikke bygge selv). Denne stasjonen er ønskelig samlokalisert med helse/ annen nødetat. Om en isolert sett vurderer prehospital responstid, vil en samlokalisering et sted mellom Volda og Ørsta være optimal.

Helse Midt-Norge har bestilt en ny beredskapsanalyse som vil definere anbefalt plassering av ambulansestasjonen. Siste beredskapsanalyse utført av SINTEF i 2002 anbefalte stasjon både i Volda og Ørsta. I ny analyse vil Eiksundsambandet muligens påvirke optimal plassering.

Fra et prehospitalt synspunkt må legevakt organiseres slik at legevaktslege kan rykke ut uavhengig av ambulansetjenesten (også et myndighetskrav). En legevaktbil, kan i tillegg til lege også bemannes med ambulanspersonell. Sammen vil en enhet styrke akuttberedskapen i hele legevaktsdistriktet betydelig. En slik modell benyttes flere andre steder i Norge, der ambulansarbeideren har deler av sin stilling ansatt i kommunen.

Helse Møre og Romsdal ønsker i tillegg å kommentere at valg av modell også må inkludere nattlegevakta. Helseforetaket anbefaler også drift 24/7, 365. Om Legevaktsentralen skal samlokaliseres til basen, bør vurderes, men er ikke avgjørende for valg av modell. Det bør i tillegg etableres legevakt som er mobil, slik alle alternativene beskriver.

Telefon: Molde/Kristiansund: 71 12 00 00
Ålesund: 70 10 50 00
Volda: 70 05 82 00

Postadr: Postboks 1600
6026 Ålesund
Internett: www.helse-mr.no
E-post: postmottak@helse-mr.no

Org.nr: 997005562

Helse Møre og Romsdal vurderer at valg av modell A gir best beredskap for innbyggerne, men også vil være mer kostbar. Dette blir opp til kommunene å vurdere økonomien i dette.

Helge Ristesund



Ass. direktør

Kjersti Bergjord
Klinikkssjef, klinikk for
akuttbehandling

Telefon: Molde/Kristiansund: 71 12 00 00
Ålesund: 70 10 50 00
Volda: 70 05 82 00

Postadr: Postboks 1600
6026 Ålesund
Internett: www.helse-mr.no
E-post: postmottak@helse-mr.no

Org.nr: 997005562

NOTAT.

Til: Avdelingsleiar BFH

Frå: Vik kommuneoverlege

Dato. 07.08.17.

PROSJEKTRAPPORT LEGEVAKT. NOKRE MOMENT.

Kommunen sitt ansvar for legevaktordninga er regulert slik:

1. Lov om kommunale helse- og omsorgstjeneste i kommunene, § 3-2, pkt 3, slik:
Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, herunder:
 - a. legevakt,
 - b. heldøgns medisinsk akuttberedskap og
 - c. medisinsk nødmeldetjeneste

Kommunen sitt ansvar omfattar såleis heile døgnet.

2. Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetjeneste, medisinsk nødmeldetjeneste m.v (akuttmedisinforskriften).

Forskrifta vart iverksett frå 01.05.15.

I §21 er det fastsett overgangsordningar slik:

Krav til grunnkompetanse for lege etter § 7 første ledd skal være oppfylt innen tre år fra forskriften trer i kraft.

Krav til grunnkompetanse for personell som bemanner legevaktsentralene etter § 13 bokstav f skal være oppfylt innen 1. mai 2018.

Krav til kurs for lege etter § 7 første ledd og til annet helsepersonell etter § 8 første ledd skal være oppfylt innen fem år fra forskriften trer i kraft.

Dei to første krava skal vere innfridde innan 01.05.18, og det siste innan 01.05.20.

3. Rundskriv I-5/15 Akuttmedisinforskriften (med merknader til enkelte bestemmelser)
Rundskrivet gir meir detaljerte føringar på kommunen sine plikter knytt til m.a. kompetanse hjå vaktpersonell, teknisk krav til LV-sentral, responstid LV-sentral og transport av utrykningspersonell.

For transport av lege/helsepersonell er anført:

«Kommunens ansvar innebærer blant annet å sørge for at lege og/eller annet helsepersonell umiddelbart er i stand til å rykke ut når det er nødvendig for å yte forsvarlig/øyeblikkelig hjelp. Kommunen må sørge for en forsvarlig transportordning.»

4. Akuttmedisinutvalet har avgitt innstillinga NOU 2015: 17 «Først og fremst — Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus».

Det vert i denne lagt fram forslag om m.a. krav til at 90% av befolkinga skal ha maksimum 40 min reisetid til legevakt, og 95% maksimum 60min reisetid.

Framlegga i NOU 2015: 17 er ikkje behandla av regjering eller Storting, og kan såleis ikkje leggest til grunn ved utforminga av legevaktordninga.

Nokre merknadar til «Prosjektrapport: Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre»:

1. Rapporten er ikkje behandla av oppdragsgjevar (Sjustjerna Helse og omsorg). Før kommunene handsamar prosjektrapporten må oppdragsgjevar oversende sine vurderingar og evt. tilrådingar til kvar einskild kommune.
2. I kostnadsoverslaget (vedlegg) er det oppført «Sum, nye årlege kostnader» for kvar modell i området 16 - 24 mill NOK. Det er uklart om dagens kostnader skal kome til frådrag sidan ein nyttar omgrepet «nye årlege kostnader». Ein slik kostnadsauke for ei teneste må vurderast i samanheng med økonomiplan osv. Oppdragsgjevar bør avklare dette, jmf. pkt 1 ovanfor.
3. LV-sentral, Legevakt og akuttmedisinske tenester er ei døgntilgjengeleg teneste. Prosjektrapporten omfattar i hovudsak tidsrommet frå kl 1500-2200/0800-2200, legevakt kveld utanom kontortid, og delvis nattlegevakt 2200-0800. Det er ei svakheit at følgjande punkt ikkje er meir utdjupande vurderte:
 - a. LV-sentralen: Kostnader, teknisk drift, samordning/samarbeid med LV-sentral Nordre-Sunnmøre, oppfølging av nye forskriftskrav (akuttmedisinforskrifta).
 - b. Kvar legekort har daglegevakt i kontortida: Korleis fungerer det? Burde ein vurdere eiga legevakt heile døgnet? Kostnader? Samordning med ambulanse-stasjon?
 - c. Kompetansekrava: Kva kompetanse har legane som deltek i legevakt i dag? Tilsaman 53 legar fordelt med 31 legar Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og 22 Volda, Ørsta.
 - d. Om etablering av likeverdige legevakter (dag-ettermiddag-natt) i Ytre-Søre og indre-Søre er eit alternativ? (Ytre-Søre: 25000 innbyggjarar, 31 legar. Indre-Søre: 20000 innbyggjarar, 22 legar).

Nokre sentrale krav som må stillast til lokal legevaktordninga:

1. Det må vere lege som har uttrykkingsplikt tilstades på Ytre-Søre heile døgnet.
2. Alvorleg sjuke som bur heime eller ved sjukeheim skal få legebesøk for medisinsk vurdering før evt. innlegging ved sjukehus.
3. Kjøylegevakt (evt. etter alt A) skal vere stasjonert ved legevaktstasjon i Ytre-Søre (jmf. befolking og legedekning pkt 3 c og d.).
4. Legevaktstasjon i Ytre-Søre (evt. etter alt A eller B) skal lokalisast til Myrvåg legevaktstasjon.

Prosessen vidare:

1. Oppdragsgjevar (Sjustjerna Helse og omsorg) må handsame rapporten og oversende sin vurdering og tilråding til kommunene. Det er denne som må leggjast til grunn for den administrative og politiske handsaminga i kvar kommune, ikkje rapporten aleine.
2. Dei økonomiske konsekvensane må klargjerast betre. Nye kostnader må sjåast i samanheng med noverande kostnader, med kommunen sine økonomiske rammer og prioriteringar i økonomiplan. Kostnader knytt til nye lov- og forskriftskrav må tydeleggjerast.
3. Prosjektgruppa sin leiar stiller i e-post av 12.07.17 ei rekkje spørsmål (organisering: vertskommune eller IKS, Stranda kommune som deltakar, ny modell for kostnadsfordeling, lokalisering) som ikkje er fullgodt omtala i prosjektrapporten. Slike sentrale spørsmål må utgreiast før endeleg politisk handsaming.





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/1602
		Arkiv:	F21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/17	Komite for helse og omsorg	18.08.2017
135/17	Formannskapet	22.08.2017
	Kommunestyret	31.08.2017

FAMILIEVIKAR - SERVICETILBOD FOR FAMILIAR OM HJELP I HEIMEN VED SPESIELLE BEHOV

Tilråding:

Ordninga med familievikar vert vurdert i samband med budsjettet for 2018, med bakgrunn i dei føringane som går fram av saksutgreiinga.

Særutskrift: Seksjon for heimetenesten i BuHab
Avdeling for tenestekoordinering
Barn, familie og helseavdelinga

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Tenesteerklæring
- 2 Prosedyre for handsaming

Samandrag av saka:

Komiteen for helse og omsorg har i fleire møter drøfta familievikar og innføring av eit slikt servicetilbod i kommunen. Tilbodet skal gå til småbarnsfamiliar med spesielle og akutte behov. Tilbodet i det einskilde tilfelle skal ikkje giast utover 2 månader. Forslag om å opprette eit slikt tilbod vert å legge fram i samband med budsjetthandsaminga.

Saksopplysningar:

Familievikar har vore breitt drøfta i Helse og omsorgskomiteen. Saka vart sist handsama som sak 16/17. Komiteen fatta då følgjande samrøystes vedtak:

«Ordninga med familievikar vert vurdert i samband med budsjettet for 2018, med bakgrunn i dei føringane som går fram av saksutgreiinga.

Vilkår, omfang, organisering og administrasjon av ei slik serviceteneste, må ytterligare presiserast, før det vert lagt fram som tiltak i budsjettet.»

Komiteen for helse- og omsorg ønskjer at kommunen opprettar eit tilbod om hjelp i heimen i form av familievikar. Tilbodet skal vere i form av hjelp i heimen ved spesielle og akutte forhold. Det skal vere hjelp i heimen for småbarnsfamiliar som har særlege behov for bistand, til dømes ved dødsfall, akutt sjukdom eller spesielt krevjande familiesituasjonar. Tilbodet om familievikar kan og vere aktuelt ved særleg krevjande barselperiodar.

Det er eit vilkår for å få tenesta at familien har eit særleg behov. Dette er behov som vert aktualisert ved til dømes dødsfall, akutt sjukdom og fødselar.

Ordninga tek sikte på å vare i inntil 2 månader i einskilde tilfelle. Er det behov etter denne tida, er det ein føresetnad at det vert løyst ved dei ordinære tenestene i kommunen. Det er også lagt opp til at tenesta skal utførast på kvardagar mellom kl. 08-16. Den einskilde familie vil kunne få familievikar i 4-6 timer per dag i den perioden behovet er til stades. Hjelpa vil vere ei førebyggjande teneste og hovudsaken er at den skal vere hjelp til å meiste kvardagen i eige heim. Det kan vere hjelp i den daglege varetakinga av born, men også enklare matlaging og reinhald.

Det er ikkje meint at dette tiltaket skal kome i staden for dei andre tenestene kommunen har til denne brukargruppa i dag.

Tilbodet skal organiserast i sektor for Helse og Omsorg. Behovet for tenesta kan meldast av ulike tilsette i kommunen som til dømes helsesøster, barnehage og fastlege.

Administrasjon av tenesta vil i hovudsak skje innan seksjon for heimetenester i BUHAB. Det vil også vere slik at avdeling for tenestekoordinering vil ha eit overordna

ansvar for å følgje opp at tenestene vert utført samt at den vert tilstrekkeleg dokumentert.

Som vedlegg til saka her ligg forslag til tenesteerklæring samt prosedyre for handsaming av familievikarsaker. Det er her presisert kva grunnar som kan gjere at servicetiltaket vert aktivisert. Vidare er det rita opp korleis sakshandsaminga skal ivaretakast.

Den økonomiske konsekvensen av tiltaket har vore drøfta administrativt. Det er uklårt kor mykje eit slikt tilbod vil verte nytta, men ein har estimert at det i løpet av eit år vil føre med seg økonomiske konsekvensar på om lag ei 25% stilling som miljøterapeut. Dette er estimert til kr. 150.000,-. Rådmannen foreslår at dette tilbodet innførast med ei prøveperiode på 2 år. I løpet av denne periode vil ein då kunne få erfaring både når det gjeld behov, omfang og økonomisk belastning.

Vurdering og konklusjon:

I nokre samanhengar har ein sett at det er familiar som slit mykje ved utfordringar i samband med store utfordringar som dødsfall og barnefødsler. Ved å innføre ei ordning med familievikar vil ein kunne sette inn hjelp på eit tidleg tidspunkt og på den måten kunne førebygge meir permanente problem. Kommunen har ikkje i dag noko tilbod som fangar opp desse situasjonane. Det er heller ikkje alle familiar som har nære pårørande eller vener som kan vere til stades hos familiar som er i ei krise.

Ved å foreslå at ordninga vert innført med ein prøveperiode, får ein tileigna seg erfaring om ordninga vert nytta og dei økonomiske konsekvensane av den. Ein sikrar seg også med det ei evaluering av ordninga før det har gått for lang tid.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei god oppfølging av familiar i ein sårbar situasjon kan vise seg å vere særskild viktig og vil kunne føre til at dei raskare kan innrette seg i sin nye situasjon.

Konsekvensar for drift:

Iverksetting av tiltaket er estimert til ein kostnad på kr. 150.000,- i året. På sikt vil ein kunne ha eit håp om at tiltaket vil kunne føre til at familiar i sårbare situasjonar vil kunne klare utfordringane i kvardagen betre. Det er eit håp om at det kan føre til at behovet for anna hjelp i kommunen vert mindre etterspurt. Det er ikkje lagt opp til betaling for tiltaket.

Fosnavåg, 04.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

TENESTEERKLÆRING FAMILIEVIKAR

Mål for tenesta	Ivaretaking av småbarnsfamiliar i akutte og særleg vanskelege livssituasjonar
Servicetilbod	Teneste er eit servicetilbod. Det krevjast ikkje søknad eller vedtak for å få tilbodet.
Kven får tilbodet	Småbarnsfamiliar som har særlege behov til dømes: • Ved dødsfall i nær familie • Ved akutt sjukdom • Andre spesielt krevjande familiesituasjonar • Ved store omsorgsbehov i samband med fødsler • Ved store omsorgsbehov i samband med fleirfødsler: eineforsørgjer med tvillingfødsel, trillingfødsler og den eine av foreldra er i arbeid
Korleis melde behov	Familier som har behov melder det til aktuell seksjon i kommunen. Tilsette i kommunen kan og melder behovet. Aktuell melder kan vere helsesøster, jordmor, avdeling for tenestekoordinering, barnehage, skule, psykososial kriseteam. Fastlege og spesialisthelsetenesta vil og vere aktuell melder.
Omfang av tenesta	Tenesta er eit service-/lavterskeltilbod og opphøyrer når behovet faller bort. Tilbodet kan ikkje givast utover 2 månader. Er det fortsatt behov må dette løysast ved dei ordinære tenestene i kommunen.
Når ytast tenesta	Tenesta ytast på kvardagar mellom kl. 08.00 og kl. 16.00.
Kva kan ein få hjelp til	Hjelp til å meiste kvardagen i eige heim Dagleg ivaretaking av borna i familie – t.d. ved å følge til barnehage/skule, andre aktivitetar. Husstell som å lage enkle måltid til familien Husarbeid/reingjering av rom som er i dagleg bruk
Det betalst ikkje for denne servicetenesta	

PROSEDYRE FOR HANDSAMING AV FAMILIEVIKARSAKAR

Mål for tenesta	Ivaretaking av småbarnsfamiliar i akutte og særleg vanskelege livssituasjonar
Servicetilbod	Teneste er eit servicetilbod/lavterskeltilbod. Det skal ikkje lagast vedtak for tenesta. Likevel viktig at det vert dokumentert. Dette gjerast i gerika
Kven får tilbodet	Familiar som har særlege behov til dømes: • Ved dødsfall i nær familie • Ved akutt sjukdom • Andre spesielt krevjande familiesituasjonar • Ved store omsorgsbehov i samband med fødsler • Ved store omsorgsbehov i samband med fleirfødsler: eineførsørgjer med tvillingfødsel, trillingfødsler og den eine av foreldra er i arbeid
Melde behov	Sjå tenesteerklæring for kven som kan melde behov. Når tilsett i kommunen motteke melding om behov er vedkommande ansvarleg for at det vert meldt vidare til Avdeling for tenestekoordinering (AT) og til Seksjonsleiar heimetenesten BuHab (SH) SH er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av tiltaket. Den som melder behovet må samarbeide tett med tenesteytar og SH.
Dokumentasjon	Det vert oppretta eit eige nivå i gerika, med eiga teneste og sak. Avdeling for tenestekoordinering har ansvar for at det vert oppretta sak i det einskilde tilfelle. Den som yt tenesta har ansvar for at løypande dokumentasjon vert gjort. Det visast her særleg til Helse og omsorgsdepartementets rundskriv I-4/2017 «Om helse- og omsorgstenestelovgivingens anvendelse ved lavterskeltilbud – særleg om kravet til dokumentasjon og diagnostisering. «
Vurdering av behov – oppstart/avslutning av tenester	Den einskilde melding vurderast konkret. Den som meldar er ansvarleg for at behovet for hjelp er i tråd med forutsetnadane for ordninga. Melder formidlar behovet vidare til SH som sett i verk tilbodet. Tilbodet må kunne settast i verk på kort varsel, dokumentasjon og

	sakshandsaming kan ved behov takast i etterkant. Sjå rundskriv I-4/2017 Tenesta er eit service-/lavterskeltilbod og opphøyrret når behovet faller bort. Bortfall av behov avklårast mellom mottakar av tenesta, SH og meldar. Tilbodet kan ikkje givast utover 2 månader. Er det fortsatt behov må dette løysast ved dei ordinære tenestene i kommunen
Dokumentasjon av behov	Det konkret behovet i det einskilde tilfelle skal dokumenterast. Det skal klårt gå fram kva tilbodet skal innehalde og kor mange timar kvar dag som skal ytast. Dette må formidlast til tenestemottakar.
Omfang av tenesta	Det visast til tenesteerklæringa med omsyn til kva ein kan få hjelp til. Dersom det oppstår usemje mellom tenestemottakar og tenesteutøvar om omfang eller utføring av tenesta skal meldar i størst mogleg grad forsøkje å løyse dette. Omfanget av hjelpa vurderast konkret i det einskilde tilfelle, men hovudregelen er at det ytast mellom 4 og 6 timar per kvardag i den perioden behovet er tilstades.
Krav til utføring av tenesta	Den søm utførar tenesta skal vere ein trygg og vaksen person som er positiv til oppgåva. Der det høver kan tilsette sam kjenner familien frå før, og som er tilsett i kommunen , gå inn som familievikar.
Organisatorisk forankring	Ansvar for den praktiske gjennomføringa av servicetilbodet familievikar, herunder oppstart, dokumentasjon og oppfølging ligg til seksjonsleiar for Heimetenesten i BuHab. Ansvar for å ha ei overordna oversikt over bruken av tilbodet (statistikk) ligg til avdeling for tenestekoordinering.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/932
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Eldrerådet	25.09.2017
32/17	Komite for helse og omsorg	18.08.2017
	Kommunestyret	31.08.2017

KARTLEGGING FRÅ BRUKARREPRESENTANTAR OM HELSE OG OMSORGSTENESTER TIL MENNESKE MED UTVIKLINGSHEMMING

Tilråding:

Brukarrepresentantkartlegginga vert teken til vitande.

Særutskrift:

Helse og omsorg

Vedlegg: Brukarrepresentantkartlegging

1 Brukarkartlegging PU- 2017

Samandrag av saka:

Resultatet frå brukarrepresentantkartlegginga, for tenester til utviklingshemma, i Herøy kommune våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande eller oppnemnt verge, som har svart på vegne av brukaren av tenestene. Svarresponen var 50%.

Saksopplysningar:

Herøy kommune har jamleg gjennomført brukarkartleggingar innan tenester til utviklingshemma i bedrekommune.no. I 2008, 2011 og no i 2017 har vi gjennomført brukarrepresentantkartlegging, i 2014 vart brukarane av tenestene intervjuet sjølv. Målet med kartleggingane er å gjere ei vurdering av opplevd kvalitet, og få tilbakemeldingar både på kva vi gjer bra og mindre bra.

Bedrekommune.no har sidan førre brukarrepresentantkartlegging endra på skaleringa, slik at resultatet denne gongen ikkje er samanliknbart med førre måling. Tidlegare var 4 poeng toppscore, no er det oppjustert til 6 poeng. På to av kategoriane er Herøy kommune likt med snittet i landet, medan på resten ligg vi i hovudsak litt under.

	Herøy 2017	Landet 2017	Vurdering
Sjølvbestemmelse	4,2	4,2	Akseptabelt
Trivsel	4,3	4,8	Forbetring
Tryggheit	5,1	5,1	Akseptabelt
Brukarmedverknad	3,9	4,0	Forbetring
Respektfull behandling	4,7	4,9	Akseptabelt
Informasjon	4,4	4,7	Forbetring
Heilheitsvurdering	4,5	4,6	Akseptabelt
Snitt totalt	4,4	4,6	Forbetring

På kategorien sjølvbestemmelse scorar vi betre enn landet, på spørsmål om at brukaren sjølv bestemmer over sin kvardag, og at brukar er med å bestemme kva hjelp han/ho får. Når det gjeld tryggheit scorer vi likt med landet med 5,1 poeng som går på at brukaren føler seg trygg i den bustaden han/ho bur i.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad ivaretekast på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

I forhold til kategorien respektfull behandling ligg vi litt under landet på alle spørsmål, men er like fullt ein kategori der vi har ein av våre beste resultat når det gjeld skalering 1-6 poeng.

Når det gjeld informasjon har vi eit forbettringspotensiale, slik brukarrepresentantane har meldt tilbake. Her får vi 4,4 poeng, medan landet har 4,7 poeng.

Ved tilbakemelding på kor fornøgd ein er alt i alt med den tenesta brukaren får i Herøy kommune, får vi ein poengscore på 4,5 poeng opp mot landet som har 4,6 poeng. Dette er ei vurdering vi i hovudsak er fornøgd med, sjølv om vi sjølv sagt skal arbeide med å halde oppe det vi er gode på, og samstundes forbetre dei områda vi har forbettringspotensiale på.

Resultatet er handsama i leiarteamet til kommunalsjef, som er knytt til dette tenesteområdet. Resultata er også handsama på dei ulike arbeidsplassane.

Følgjande tiltak er satt i verk:

1. Det vert laga nye opplæringsrutinar, både på systemnivå for tenesteområdet, og lokalt på dei ulike arbeidsplassane. Det er satt ned ei arbeidsgruppe på tvers av arbeidsområde, som er i gang med arbeidet. Arbeidet er forankra i leiarteamet og hos kommunalsjef.
2. Vi har satt i gang eit kompetanseløft for alle tilsette og vikarar i tenesteområdet til bu- og habiliteringsavdelinga. Herøy kommune har fått støtte av fylkesmannen til å gjennomføre dette løftet. Opplæringa handlar om grunnleggande basiskunnskap og kompetanse i forhold til å arbeide med menneske som har utviklingshemming. Alle tilsette og vikarar får utlevert heftet « Dette må eg kunne », og det vert brukt aktivt på fagdagar til opplæring i 2017. Denne kompetansen vil kunne virke inn på alle kategoriane vi er målt på i denne brukarkartlegginga.
3. Herøy kommune har meldt seg som pilotkommune til kurs for brukarar om livsstil og helse til hausten 2017. Det er nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse som står bak dette kursprogrammet.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har gjennomført ei brukarrepresentantkartlegging våren 2017. Kartlegginga viser at kvaliteten i teneste i hovudsak vert opplevd som bra. Likevel kjem det fram at vi har forbettringsbehov. Tiltak er satt i verk allereie, og vi skal fortsatt arbeide aktivt for å betre kvaliteten i tenesta.

Konsekvensar for folkehelse: Godt tilrettelagde tenester og tilbod har betyding for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap: Ingen



Konsekvensar for drift: Forbetringstiltak er satt i verk.

Fosnavåg, 28.06.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef Helse og omsorg


Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol




Trivsel




Trygghet




Brukermedvirkning




Respektfull behandling



Informasjon



Helhetsvurdering



Referatsaker

**RS 11/17 Rapport fra RO Rapport fra RO 01.08.2017 00:00:00
STIFTELSEN RO**

Fra: Renathe Rossi-Kaldhol[renathe.rossi-kaldhol@heroy.kommune.no] Sendt: 14.08.2017 11:42:48 Til: Inger Marie Tofthagen; Lisbeth Moltu Espeseth Tittel: Fwd: Rapport fra RO
Den endelige rapporten fra RO.
Legg som RS-sak til HO-komiteen.

Renathe Rossi-Kaldhol

Kommunalsjef

Helse og omsorg

----- Videre sendt melding -----

Fra: Øivind Johnsen <Oivind.Johnsen@ro.no>

Dato: 1. aug. 2017 12.07 p.m.

Emne: Rapport fra RO

Til: Renathe Rossi-Kaldhol <renathe.rossi-kaldhol@heroy.kommune.no>, Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>

Kopi: Tommy Dahl <Tommy.Dahl@heroy.kommune.no>

Hei

Jeg har gått gjennom merknadene fra dere og gjort noen justeringer på bakgrunn av disse. Jeg oversender herved den endelige rapporten som pdf fil.

Dersom dere også ønsker den i word-format (bare til internt bruk) kan dere gi beskjed om dette.

Da møtes vi i forbindelse med presentasjon av rapporten i kommunestyremøte den 31 august.

Fortsatt god sommer og takk for samarbeidet så langt.

Med vennlig hilsen

Øivind Johnsen

Seniorrådgive

e-post: oivind.johnsen@ro.no

telefon: 47671801



Følg oss på facebook:



URO



Evaluering av helse- og omsorgstjenesten

Herøy kommune

Rapport fra RO – juli 2017



RO

Værnesgata 17, 7503 Stjørdal
Sentralbord: 74 83 97 99

www.ro.no

Innhold

Sammendrag.....	3
1. Innledning	4
1.1. Herøy kommunes bestilling.....	4
1.1. Metodisk tilnærming	4
1.2. Kvantitativ datainnsamling	4
1.3. Kvalitativ informasjonsinnhenting.....	5
1.4. Rapportens oppbygging.....	5
2. KOSTRA-analyse.....	6
2.1. Pleie og omsorg	7
2.2. Kommunehelsetjenester	16
2.3. Sosialtjenesten.....	19
2.4. Barnevern	21
2.5. Psykiatri/rus.....	25
2.6. Bu- og habilitering	26
3. Tjenesteprofil – Pleie og omsorg.....	26
4. Ressurs- og driftsanalyse sykehjem.....	30
